



**Måløy Vekst AS**  
Gate 1, nr. 80  
6700 Måløy

+47 97 75 73 94  
randi@maloyvekst.no

[www.maloyvekst.no](http://www.maloyvekst.no)

Til fylkespolitikarane i Vestland fylke,

Måløy, 18. mai 2020

## **Næringslivet treng nytt opplæringsfartøy ved Måløy vidaregåande skule**

Det var med stor skuffelse vi kunne lese i media at fylkesrådmannen hadde avlyst konkurransen om nytt opplæringsfartøy ved Måløy vidaregåande skule og Fagskulen maritim avdeling. Måløy er ei av Norges største fiskerihamner, og den største i Vestland fylke. Kommunane langs kysten av Vestland har stor sysselsetting innan marine og maritime næringar, spesielt innan fiskeri og havbruk, og dette er ei svært viktig næring langs heile kysten. Moderne opplæringsfasilitetar som sikrar attraktivitet til utdanningsprogramma er heilt avgjerande for rekruttering til utdanningane, og seinare høve til rekruttering av kompetent arbeidskraft i næringa.

Måløy vidaregåande skule har lang tradisjon med opplæringsprogram i marine og maritime fag. Her finns opplæringstilbod for naturbruk, akvakultur, YSK-akvakultur, fiske og fangst og maritime fag. Eit kjenneteikn ved fiskeri- og havbruksutdanningane ved Måløy vidaregåande skule er det tette samarbeidet med næringa i fylket. Næringa ser at skulen er ein god stad å rekruttere fagfolk, og stiller med praksisplassar under utdanninga og seinare lærlingplassar. Elevane på akvakultur får mykje praktisk opplæring i bedrift, og elevane på fiske og fangst får mykje praktisk opplæring på skulen sitt opplæringsfartøy Skulebas.

Fagskulen maritim avdeling i Måløy driv opplæring av maskin- og dekksoffiserar (sturmenn og maskinistar), og utdannar fagfolk som er ettertrakta i næringslivet. Å ha tilgang på eit opplæringsfartøy er med på å gjere skulen ettertrakta. Å ha opplæring/praksis om bord på ein båt som eit supplement til simulator er av stor nytte. Ein nyare båt vil være tilrettelagt med ny teknologi. Studentane kan dermed trene på samhandling og teamarbeid mellom bru og maskin i reelle omgavnader. Fagskulen vil kunne ta med



**Måløy Vekst AS**

Gate 1, nr. 80  
6700 Måløy

+47 97 75 73 94  
randi@maloyvekst.no

[www.maloyvekst.no](http://www.maloyvekst.no)

heile klasser om bord og gi dei undervisning/praksis. Dette er ikkje mogleg per i dag. Nye nasjonale emneplanar har fokus på grøn teknologi. Med nytt opplæringsfartøy vil Fagskulen lettare kunne gjennomføre opplæringa i henhold til dei nye emneplanane på ein praktisk retta måte.

Dagens opplæringsfartøy, Skulebas, er over 40 år gammalt og lite eigna til utdanning av mannskap til dagens moderne fiskefartøy. Difor hastar det no å få på plass eit nytt fartøy, med moderne og framtidretta fasilitetar om bord, for å sikre tidsriktig utdanning. Vi meiner at å kjøpe eit brukt fartøy og byggje det om, som fylkesrådmannen skisserer som ei muleg løysing, er eit dårleg alternativ. Dette vil medføre dårlegare heilskaplege løysingar, samt betydeleg dyrare drift og lågare levetid på fartøyet.

Vi har forståing for at ein i ein situasjon med tronge økonomiske utsikter må vurdere prosjekt som får høgare kostnader. Likevel ber vi om at ein no ikkje startar ein heilt ny prosjektfase for nytt opplæringsfartøy, men at ein heller gjer mindre justeringar i den allereie utarbeida kravspesifikasjonen. Det er muleg å finne fornuftige innsparingar i det eksisterande prosjektet utan at ein må bruke mykje ekstra tid.

På vegne av næringslivet på kysten ber vi om at politikarane i Vestland fylke vedtek å snarast råd utlyse ein ny konkurranse til bygging av eit nytt, moderne og framtidretta opplæringsfartøy, slik at ein får dette på plass for å sikre rekruttering og utdanning av norsk ungdom til landets viktigaste framtidsnæring. Vi har inga tid å miste.

Med venleg helsing



**RANDI HUMBORSTAD**

Daglig leder

**Måløy Vekst AS**

Gate 1, nr. 80  
6700 Måløy

+47 97 75 73 94  
randi@maloyvekst.no

[www.maloyvekst.no](http://www.maloyvekst.no)

+47 97 75 73 94

[randi@maloyvekst.no](mailto:randi@maloyvekst.no)

[www.maloyvekst.no](http://www.maloyvekst.no)

**Kort om Måløy Vekst**

Næringslivet i regionen, representert ved ca. 80 bedrifter, og Kinn kommune er aksjonærer/eigarar i selskapet. Måløy Vekst skal vere eit serviceselskap for næringslivet, informere og legge til rette for ny verksemd og infrastruktur, gje gründer veiledning, samt vere ein møteplass for næringslivet og kommunen.

Måløy Vekst skal og vere ein samfunnsbygger. Utan ein grunnleggande tanke om å utvikle samfunnet rundt oss vil det vere vanskeleg for oss å skape vekst innanfor dei fleste bransjane som Måløy Vekst representerer. I tillegg skal Måløy Vekst kunne bruke sin tyngde i politiske prosessar der det er hensiktsmessig, og då spesielt med fokus på å drive fram ein positiv nærings- og samfunnsutvikling. Måløy Vekst ynskjer å ha ei tydeleg stemme inn mot offentlege prosessar og bidra til at våre medlemsbedrifter sine behov for vekst og framtidsutvikling vert høyrd.

**Fra:** Randi Humborstad (randi@maloyvekst.no)

**Sendt:** 18.05.2020 21:16:25

**Til:** Vestland fylkeskommune; Politisk

**Kopi:**

**Emne:** Uttale om opplæringsfartøyet

**Vedlegg:** Uttale opplæringsfartøy.pdf

Hei,

Sjå vedlagt uttale. Eg ber om at uttalen vert vidareformidla til politikarane i finansutvalet i samband med handsaming av «arbeidsdokument 2/2020 Økonomiplan 2021-2024».

Med vennlig hilsen



**RANDI HUMBORSTAD**

Daglig leder

+47 97 75 73 94

randi@maloyvekst.no

[www.maloyvekst.no](http://www.maloyvekst.no)